

Vår dato: 28.04.2003
Dykkar dato: 29.11.2002
Vår ref: #13140/1
Dykkar ref. 02/2296 EV AT



Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02/2351 - 182	
DATO - 5 MAI 2003	
AN	EKSP.
5111 V	

Høyringsfråsegn - endringar i industrikonsesjons- og vassdragsreguleringslova sine reglar om heimfall m.m.

Vi viser til Olje- og energidepartementet sitt høyringsbrev av 29.11.02 og seinare opplysningar om at det vert sett ned eit offentleg utval. Med bakgrunn i at eit utval skal utgreie saka vil ikkje SFE kommentere det utsendte høyringsframlegget i detalj, men leggje vekt på dei forhold som det er særleg viktig at utvalet utgreier.

1. Utgreiing av offentleg utval - mandat.

Kraftbransjen er svært viktig for det norske samfunnet. SFE meiner difor at evt. endringar i det sentrale lovverket må utgreiast skikkeleg og er såleis nøgd med at det no vert nedsett eit breitt samansett utval.

SFE meiner utvalet sitt arbeid må baserast på eit mandat med tilstrekkeleg breidde, slik at heimfallsreglane vert vurdert i samanheng med øvrige rammevilkår. Stabile rammevilkår som er kjendt på førehand, har mykje å seie for å leggje til rette for verdiskaping og oppbygging av eigarmiljø og arbeidsplassar.

Målet må vere at ein etter lovendring får eit forenkla og meir oversiktleg konsesjonssystem.

I OED sitt høyringsutkastet legg ein vekt på nokre grupper av mål som ein skal oppfylle ved å endre lovgjevinga:

- Langsiktig styring og kontroll med utnyttinga av naturressursane
- Effektiv ressursbruk og konkurranse i kraftsektoren. Utvikle ein effektiv marknad for eigarskap til vassfall. Auka verediskaping.
- Inndraging av grunnrenta og offentlege inntekter.
- Ivaretaking av internasjonale plikter

I høyringsutkastet er måla relativt vagt og rundt formulert, og i liten grad drøfta. Når måla er diffuse vert det også vanskeleg å drøfte om ulike tiltak er godt eigna reidskaper for å nå måla eller ikkje. Eit

.....Kræffull og nyskapande med lokale røter.....

Sogn og Fjordane Energi AS
Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 092
Bankkonto: 3705.05.46579
E-post: post@sfe.no

SFE Kraft AS
Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto 3705.05.46676
E-post: post@sfe.no

SFE Nett AS
Bukta, 6823 Sandane
Besøksadr. Hamregata 1, Florø
Telefon: 57 74 61 00
Telefaks: 57 74 61 01
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto 3710.05.02012
E-post: post@sfe.no

SFE Produksjon AS
Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 3710.07.00264
E-post: post@sfe.no

døme på dette kan vere at medan ein hittil har lagt stor vekt på offentleg styring og kontroll med naturressursane, ser det ut til at OED legg einseitig vekt på statleg styring og kontroll, utan at dette er drøfta. Det er difor viktig at både mandatet for utvalet og utvalet i sitt arbeid legg vesentleg vekt på å drøfte og klargjere dei måla ein skal nå ved å endre lovgjevinga.

I høyringsutkastet er konsekvensane av tilrådde endringar i liten grad utgreidd, og det er ikkje sagt kva som skal skje med kraftverka etter eit heimfall. Ein konsekvens av OED sitt framlegg er at norske kraftverk – bortsett frå Statkraft sine – langt på veg vil havne på utanlandske hender. Noverande eigarar får incentiv til å selje før salsverdiene går vesentleg ned, truleg minst 30-40 år før heimfall. Det er berre staten og Statkraft som har innanlandsk kapital til å kjøpe, Statkraft får ikkje vekse seg større, og berre utanlandske kjøparar står att. SFE føreset at utvalet ser grundig på konsekvensane av alternative løysingar, og at ein i tilfelle innføring av heimfall for offentleg eigde verk på førehand avklarar kva som skal skje med kraftverka etter heimfall.

2. Verdinøytralitet – juridiske forhold

Det er bygd opp store verdier i kraftsektoren av kommunar og fylkeskommunar, og desse verdiane må ikkje automatisk og utan kompensasjon verte overført til staten. SFE føreset at den løysinga som vert valt m.o.t. heimfallsreglar er verdinøytral og ikkje forringer eigarane sine verdier. SFE legg også til grunn at innføring av heimfall føreset full erstatning etter Grunnlova § 105, og at både kommunar og fylkeskommunar har fullt grunnlovsværn.

I OED sitt høyringsutkast er desse spørsmåla mangelfullt utgreidd, og tunge juridiske miljø er ikkje samde i dei konklusjonar som er trekt. Det er difor behov for ei grundig vurdering av desse spørsmåla.

Det er snakk om svært store verdier som vert overført frå kommunal/fylkeskommunale eigarar til staten ved tidsavgrensa konsesjon og heimfall for både fall og anlegg. Ved erstatning på innføringstidspunktet vil vanlege noverdiutrekningar undervurdere dei faktiske verdiane som vil heimfalle, fordi store delar av investeringane i kraftanlegg (tunneler, stasjonshaller, dammer) har uvanleg lang levetid. Ein må i tilfelle basere seg på faktiske realrenter for så lange tidsperspektiv og slike investeringar, og verditapet vil då heller vere av storleik 20 % enn dei 2 % som OED legg til grunn. I den grad det måtte vere snakk om heimfall også av anlegga, må erstatning av faktisk anleggsverdi på heimfallstidspunktet verte vurdert.

Den modellen som OED i sitt høyringsutkast kaller ressursheimfall er ein mogleg modell som i større grad sikrer verdinøytralitet. Denne modellen fører i prinsippet til heimfall av sjølve fallretten, men ikkje av kraftverket. Styresmaktene er i ein slik modell sikra kontroll med vasskraftressursane, samstundes som dei negative konsekvensene for eigar og selskap vert avgrensa. Modellen må vurderast og vidareutviklast av utvalet saman med andre alternativ til OED sitt framlegg.

I tillegg til å tilfredsstillе norsk lov må ei endring av reglane om heimfall vere i samsvar med våre internasjonale plikter, herunder EØS-avtalen, EU sitt el-marknadsdirektiv og Den europeiske menneskerettskonvensjonen

Om endringar i lovene først og fremst skal tilfredsstillе ESA, vil det ikkje vere nødvendig med tilbakeverkande kraft for konsesjonar tildelt før 1. januar 1994, men tilstrekkeleg at alle nye konsesjonar vert gjeve på like vilkår. Dette er ikkje drøfta av OED, jfr. ein einaste setning i kapitlet om forholdet til EØS-avtalen i OED-framlegget.

3. Rammevilkår

Kraftbransjen er ei svært stor og tung næring i Norge, og med ei sterk forankring i distrikta. I OED sitt høyringsutkast sakner vi eit sterkare fokus på at sektoren må ha rammevilkår som sikrer effektivitet i drifta av anlegga, vedlikehald av kompetanse og innteningsevne i selskapa, og at dette skal vere grobotn for ytterlegare utvikling og verdiskaping.

Ny lovgjeving må ikkje påverke insentiv til investeringstiltak, effektivisering og utvikling i negativ retning. Her er det fare for store bedriftsøkonomiske og ikkje minst samfunnsøkonomiske tap. OED sitt høyringsutkast har fleire svake sider som fører til vridningseffekter og redusert verdiskaping. Desse forholda må utgreiast betre av utvalet slik at ein kan finne fram til betre løysingar.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Energi AS

Ola Lingaas

for Ole Schanke Eikum
Konsernsjef

Ola Lingaas
Produksjonsdir.